

KAMP OG KURTISE I KULTURMARKA

Etter å ha lese boka til Gaute Grønstøl om vipa, får ein straks lyst til å kome seg ut til ein vipelokalitet, tre eit kamuflasjetelt over hovudet, setje seg godt til rette og ha tid nok til å oppleve det mangfaldige, men ikkje heilt bluferdige livet som utspeler seg der ute på vipemarkene, noko som på framifrå vis blir skildra i denne boka!

AV ANDERS HEIEN



Foto: Jakob Augustin.

Ved nærstudier i teleskop kan ein finne individuelle karakterar i farge og mønster i hovudet på kvar vipe, slik at ein kan bli kjent med enkeltindivid. Det gjer jo studiet ekstra interessant og utfordrande. Når hannane har skaffa seg eit revir og hoene kjem etter ei veke eller to, utviklar reine «såpeserien» seg; med intrigar, flørting, paring (også under ruging), fleirkoneri og utruskap. DNA-testar Grønstøl har gjort viser at tala på utruskap hos viper er blant dei høgaste som er funne hos vadefuglar. Og alt utspeler seg for open scene på flatmark!

Vipene lever ikkje heilt «etter skriften», for å seie det slik. Frå å bli sett på som ein monogam fugl før 1980-talet, viser forskinga at det motsette er omlag like vanleg. Opptil 2–4 rugande hoer kan hannen ha innafør sitt revir. Det er ikkje ein fordel for hoene, som må ta eit større ansvar for ruginga, men då kan trikset vere å tilby litt sex i byte mot noko ruging frå hannen. Det kan og vere ein måte å sikre snarleg gjenlegging dersom første hekking mislukkast. I det heile viser det seg at vipehoer ikkje er passive objekt for ein hann, men at dei til dømes kan jage bort andre hoer for å få «mannen» for seg sjølv.

Hannane si akrobatiske songflukt er ein maktdemonstrasjon som fortel hoene som er tilgjengelege for paring kor gode dei vil vera som partnarar for å forsvare reiret. Og reira har hannen førebudd. Han kan ha gjort klar opptil 10 groper i sitt revir, så no gjeld det berre å få ei ho eller helst fleire med på notene. Hoene plasserer seg gjerne strategisk til på grensa mellom fleire revir for å observere ulike hannar. Dei store vengene til hannane gjer dei i stand til å imponere, men òg skremme og angripe det meste som trugar i luftrommet, i alle fall når dei er mange nok.

Kapitla som handlar om hekkebiologi er smekkkfulle av interessant stoff frå forskinga hans. Eit døme på det er studiet av beinfargane hos vipene, der den «kostbare» raude fargen indikerer betre kondisjon og overlevingsevne. Det ser ut til at viper med raude bein returnerer oftare til hekkeplass enn dei med andre fargenyansar.

Ein kvar fugleinteressert, uansett fagleg bakgrunn, trur eg vil bruke ein god del meir tid ved vipelokalitetane etter å ha lese denne boka. Tittelen «Kamp og kurtise i kulturmarka» er fokuset, men her er òg kapittel om mellom anna skjøtsel, og kva som trugar bestanden av viper i Europa. Framleis blir kanskje så mykje som 10 % av den europeiske vipebestanden fanga eller skoten kvart år.

Etter å ha vore aktiv i vipeprosjektet i Hordaland gjennom fleire år sit eg inne med fleire spørsmål frå egne erfaringar med vipa her på Vestlandet. Kanskje Gaute Grønstøl kan gi meg nokre svar?

Det kunne vore artig å vite meir om den menneskelege påverkinga på hekkeplassar. Det hekka fleire viper på Hordnes i Bergen i anleggsperioden då deponering av massar pågjekk, i 2020 var det så vidt eg veit lite med viper. I Midtre Fjell har det fram til 2020 køyrd lastebilar mange gonger per dag med masse til ein tipp, og i snitt ruga det tre hoer på teigar innimellom vegane og som fekk fram vaksne ungar kvart år. I 2020 var det slutt, ingen trafikk og ingen flygefardige ungar. Det hekkar ramn i område. Har du nokon tankar om i kva grad dette kan vere tilfeldig?

Eg har ikkje så mykje erfaring med viper som har hekka på slike lokalitetar med midlertidig transportpåverknad som du skildrar her, men viper har høg toleranse for

køyretøy. Dei ser ikkje ut til å plagast med å hekke ganske nær biltrafikk. Traktor tåler dei fint, og denne toleransen for køyretøy gjer at bilen pleier fungere godt som eit effektivt observasjonsskjul på stadar der det går vegar langsmed markene. Dei tåler til og med å opphalde seg på grasmarkar mellom rullebanar på flyplassar medan fly tar av og landar. Ein tanke er at dei ved å halde seg kloss ved motortrafikk kanskje får mindre påkjenning frå egg- og ungerøvande pattedyr og fuglar som er mindre glad i mykje trafikk? Ramnen kan vere ansvarleg for at dei ikkje har fått opp ungar, det ville ikkje overraske meg, men det er jo vanskeleg å vite sikkert – vipene har jo mange potensielle kjelder til egg- og ungetap.

Kva meiner du har gjort Haukåsmarkene i Bergen så lite attraktive for vipa?

Det er lenge sidan eg har følgd vipene på Haukås no. Eg hadde min feltlesong for hovudfaget i 1992. Då var det 57–58 hekkande individ på marka ved sidan av øvingstravbanen. Tala var òg høge i 1991, men så gjekk det gradvis nedover i åra fram til 1997. Då var det rundt 12–15 territorier på Haukåsmarkene med ein låg polygynigrad, så kanskje om lag halvparten så mange hekkande individ som i 1992. Etter dette følgde eg ikkje Haukåsmarkene så nært. Eg bytta beite til Jæren, men i 2011-sesongen brukte eg litt tid på Haukås igjen. Då fant eg rundt 6 reir. Dei fleste av desse gjekk tapt, men minst eit kull klekka her då. Vegetasjonsmessig har Haukåsmarkene i mi tid vore gode med moderat drift og relativt glissen og saktevaktsande vegetasjon. I 1992 hadde vi ingen pattedyrspredasjon der og berre eit par enkelt-egg som blei tatt av fugl, så då hadde vipene ein bortimot uvanleg høg klekkesuksess. I ettertid har det så vidt eg veit blitt bekrefta at det er rev i området, så eg vil ikkje utelukke at reven òg kan ha spelt ein rolle i den kraftige nedgangen til vipa på Haukås. På nokre av studieområda mine både på Jæren og på Öland var reven eit stort problem for vipene.

Eit problem eg såg på Haukås var at det tidvis var stor ferdsel og påkjenning på markene frå publikum i hekkeperioden. Haukåsmarkene var kommunale marker, så då virka det som ein del folk meinte at dei med full rett kunne gjere ting som å gå tur med hundane sine der eller berre spankulere. Det var tidvis òg ganske stor aktivitet med flyging av modellfly der, og eg hugsar at området òg blei brukt til å trekke opp fallskjerm med ein kabel over marka i lengderetninga. Slik forstyring har nok betydd ein del, men så trur eg og at nedgangen av vipere på Haukås er ein spegling av den generelle nedgangen som vipa har hatt i heile landet såvel som i Europa. Dårleg overleving i vinterområda kan òg vere ein faktor som har betydd noko for kor mange som har returnert.


I oppveksten min låg vipereira ganske tett i vått beiteland på tuer i utmark. Så vidt eg hugsar var det ikkje mykje beiting, men i så fall av kviger. Kvifor ser det ut til at vipene ikkje lenger trivst i slikt terreng? I Fjell er det t.d. liknande terreng, men det er tidvis saubeite. Vipene hekkar her på tørre marker med grasproduksjon (på det som starta som ein tipp av diverse massar), men flyttar så ut i våtare beiteland med ungane, som du skriv i boka. Er sau eller storfe så avgjerande, eller er det nedgangen i vipetalet som tvingar dei inn på områda der det er mest oversiktleg?

Det er ikkje godt å vite sikkert korfor vipene ikkje lenger føretrekk desse våte utmarksbeitene du viser til. I blant blir slike utmarksbeiter gjødsla eller «forbetra» på



Gaute Grønstøl (f. 1968) studerte biologi ved Universitetet i Bergen. I 1994 tok han hovudfagseksamen i zoologisk økologi med ei oppgave om vipere. I 2001 disputerte han med ei doktoravhandling på åtferd hos vipe. Frå 2003 til 2006 jobba han på eit forskingsprosjekt på åtferd hos vipe ved Konrad Lorenz Institute of Ethology ved Det austerriske vitenskapsakademiet i Wien. Han har mykje felterfaring frå vipemarkar i Bergensregionen, på Jæren og på Öland i Sverige. Han har og arbeidd ved Avdeling for naturhistorie ved Universitetsmuseet i Bergen og er for tida tilsett ved Naturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo. Grønstøl har publisert mange vitenskaplege og populærvitenskaplege artiklar om vipa.

andre måtar for å få opp veksten slik at at beitedyra får meir mat. Der dette skjer (eller har skjedd) kan grasnet komme opp fortare og tettare enn det vipene finn akseptabelt. Vipekyllingane klekker med kortare bein enn ein del andre vadarartar som likar å gøyme seg i grasnet, og dei er derfor ikkje så mobile i tett og lang vegetasjon. Prioritetar etter klekking blir då kort vegetasjon (slik at ungane lett kan forflytte seg), god mattilgang for ungane (dammar eller fuktig i nærleiken) og god avstand til buskar og tre (som kan huse predatorar). Vipene kan finne dette på beitemarker med moderat beiteintensitet, men dei kan òg finne slike forhold på andre marker og føretrekk då stundom det. Kanskje fordi dei då ikkje risikerer å få reiret trakka ned av beitedyr. På markene du beskriv som starta som tipp-plassar med diverse massar, vil min spekulasjon vere at vipene har føretrekk desse fordi grasnet her har kome opp seinare og meir glissent enn på andre marker i regionen som kanskje er haustsådde og under hardare drift. Viss desse områda blir «forbetra» med gjødsling og haust-såing av hurtigvaktsande grass-sortar, tippar eg at desse vipene vil sjå seg om etter andre område.



«Kamp og kurtise i kulturmarka» kan bestilles fra vanellus.no eller naturogfritid.no.